

Møteprotokoll

Kva:	Protokoll til møte nr. 02 i Skikrinsstyret 2025-2027
Tidspunkt:	Fredag 5. september og laurdag 6. september 2025
Stad:	Harpefossen Skisenter
Sakliste:	REFERATSAKER SAK 09 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 10 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 01 25-27 SAK 11 25-27 Runde rundt bordet SAK 12 25-27 Godkjenning av LK protokoll nr. 01 25-27 SAK 13 25-27 Godkjenning av AK protokoll nr. 01 25-27 RAPPORTERINGSSAKER SAK 14 25-27 Rekneskapsrapport pr. 01.09.2025 SAK 15 25-27 Rekrutteringsutvalet DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER SAK 16 25-27 Skikrinsstyret sine oppgaver og framtidsfokus SAK 17 25-27 SFSK Handlingsplan 2025-2027 SAK 18 25-27 Haustmøte 25. oktober 2025 SAK 19 25-27 Auke eigenandel adm. sjef SAK 20 25-27 Prosjekt – ski i skulen ORIENTERINGSSAKER SAK 21 25-27 Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane skikrins SAK 22 25-27 Samordna rapportering 2024 - aktivitetstala EVENTUELT
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Eline Fannemel, Anders Engeland, Atle Hole Sæterbakken, Jon Ove Lomheim, André Haugsbø, Melanie Hetkamp-Andersen (SKU) og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Tonje N. Tangerud
Referent:	Kennet Dvergedal

RAMMEPROGRAM FREDAG 5. SEPTEMBER 2025:

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Frammøte	kl. 16:30		Harpefossen skisenter
Møte i Skikrinsstyret	kl. 17:00-20:00	Sak 09-17	Hytta i Harpefossen
Middag	kl. 20:30		Hytta i Harpefossen

RAMMEPROGRAM LAURDAG 6. SEPTEMBER 2025:

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Frukost	kl. 08:00-09:00		Hytta i Harpefossen
Møte i Skikrinsstyret	kl. 09:00-11:00	Sak 18-22	Hytta i Harpefossen



Omvisning og lunsj i Harpefossen skisenter - Info v/ dagleg leiar Harpefossen Vidar Haugland - Info Haugen IL v/ styreleiar Arild Even Opsal	kl. 12:00-14:00		Varmestova
Avslutning og heimreise	ca. kl. 14:00		

REFERATSAKER

SAK 09 25-27

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 10 25-27

Godkjenning av protokoll nr. 01 25-27

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 01 25-27 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 01 25-27

SAK 11 25-27

Runde rundt bordet

Bakgrunn

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 12 25-27

Godkjenning av LK protokoll nr. 01 25-27

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 25-27 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 13 25-27

Godkjenning av AK protokoll nr. 01 25-27

Bakgrunn

Leiar i alpinksomiteen orienterer frå AK møte nr. 01 25-27.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 14 25-27

Rekneskapsrapport pr. 01.09.2025

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 01.09.2025 er vedlagt. Adm. sjef legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal;

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK resultat
kr. 1 452 847,-	kr. -1 152 249,-	kr. 300 598
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU resultat
kr. 637 743,-	kr. -514 199,-	kr. 123 544,-
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK resultat
kr. 236 085,-	kr. -161 541,-	kr. 74 544,-
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat
kr. 124 500,-	kr. -45 960,-	kr. 78 540,-
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat
kr. 454 519,-	kr. -430 549,-	kr. 23 970,-

Eigenkapital pr. 31.12.2024:

- Eigenkapital AU: kr. 916 291,-
- Eigenkapital AK: kr. 712 013,-
- Eigenkapital HKK: kr. 82 121,-
- Eigenkapital LK: kr. 549 941,-

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering, og gjer vedtak om å følgje opp rapporten med prognosar i neste styremøte.

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å engasjere inkassoselskap for å krevje inn uteståande betalningar.

SAK 15 25-27

Rekrutteringsutvalet

Bakgrunn

Referat frå møte nr. 1 i rekrutteringsutvalet er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek referatet til orientering.



DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 16 25-27

Skikrinsstyret sine oppgåver og framtidsfokus

Bakgrunn

Skikrinsstyret sine oppgåver og ansvarsområder er beskrive i SFSK si lov §14.

I møtet tek styret ein runde på forventningar, kva kan kvar enkelt bidra med, og framtidsfokus for skikrinsen i Sogn og Fjordane.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å leggje diskusjonane til grunn for det vidare styrearbeidet.

SAK 17 25-27

SFSK Handlingsplan 2025-2027

Bakgrunn

Sogn og Fjordane skikrins sin handlingsplan for perioden 2025-2027 vart vedteken på Skikrinstinget 2025. Handlingsplanen er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, og avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek handlingsplanen til orientering, og gjer vedtak om å følgje opp tiltak i høve til arbeidsfordeling og fristar som drøfta i møtet.

SAK 18 25-27

Haustmøte 25. oktober 2025

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøte skal gjennomførast laurdag 25. oktober 2025 på Skei eller i Sogndal.

Dei siste åra har haustmøte blitt gjennomført i samband med Idrettens møteplass i regi av Vestland idrettskrets. Idrettens møteplass vert ikkje gjennomført i 2025.

I møtet skal skikrinsstyret vedta stad og rammeplan for haustmøte.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å arrangere Haustmøte søndag 26. oktober 2025.

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å legge til rette for ein treningsdag for born og unge parallelt med haustmøtet.

**Rammeprogram Haustmøte:**

kl. 09:30 Frammøte

kl. 10:00-12:00 Velkommen og fellesdel

kl. 12:00-13:00 Lunsj

kl. 13:00-16:00 Greinvise haustmøter

Treningssamlinga vert gjennomført parallelt med haustmøte i lokala til Trivselshallen, Sandane.

SAK 19 25-27**Auke eigenandel adm. sjef****Bakgrunn**

Det er gjort vedtak på Skitinget 2010 at skikrinsane sin kostnad med å ha tilsett adm. sjef er eigenandel kr. 100 000,-. Øvrige lønnskostnader til adm. sjefane vert dekkja av NSF. Adm. sjefane er tilsett i NSF, og har arbeidsstad i skikrinsane.

Eigenandel for adm. sjef for 2025 og 2026 er auka til kr. 150 000,- i NSF sine budsjett. Notat om denne auka er sendt til kretsleiarane 18. desember 2024.

Skikrinsen sine budsjetttert kostnader med eigenandel adm. sjef er kr. 100 000,- i budsjett for 2025 og langtidsbudsjetta for 2026 og 2027.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å godta auka eigenandel for adm. sjef, men vil gje tydeleg tilbakemelding på at handsaminga til denne endringa ikkje er forankra godt nok i skikrinsane.

SAK 20 25-27**Prosjekt – ski i skulen****Bakgrunn**

Skikrinsen har fått tildelt kr. 150 000,- frå Sparebankstiftinga til prosjekt «ski i skulen». Prosjektsøknaden er vedlagt.

I møtet skal Skikrinsstyret planlegge vidare framgang i prosjektet.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at prosjektet vert følgt opp i rekrutteringsutvalet, med rapportering til skikrinsstyret.

ORIENTERINGSSAKER**SAK 21 25-27****Marknadsarbeid i Sogn og Fjordane skikrins****Bakgrunn**

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt marknadsarbeid.



Verksemd	Grein	Går ut	Status
Sparebank1 Sogn og Fjordane	Langrenn	2026	Avtale går t.o.m. 2026
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2025	Avtale går t.o.m. 31.05.2025 Forhandlingar om ny avtale i gong.
SFE	Hopp/ Langrenn	2026	Avtalen går t.o.m. 30.04.2026
Sparebanken Vest	Alpint	2027	Avtalen går t.o.m. 2027
Intersport Sogndal	Alpint	2027	Avtale går t.o.m. 31.05.2027
Fjellsportfestivalen AS	AU	2028	Avtale går t.o.m. 30.05.2028
Hodlekve Skisenter AS	AU	2028	Avtale går t.o.m. 30.05.2028

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka opp igjen i neste styremøte.

SAK 22 25-27

Samordna rapportering 2024 - aktivitetstala

Bakgrunn

Samordna rapportering hadde frist 30. april 2025. Her skal idrettslaga rapportere ein del nøkkelopplysningar som medlemstal, aktive medlemmar, styreverv og liknande.

Rapportering av medlemsopplysningar har frist 30. april kvart år, og her skal m.a. skigruppene rapportere «aktive medlemmer».

For idrettslag og særgruppene er det særdeles viktig å rapportere riktige tal på «aktive medlemmar», då dette danner grunnlaget for tildeling av m.a. lokale aktivitetsmidlar m.m.

Medlemstal

Medlemmar som per 31.12.23 har betalt medlemskontingent til idrettslaget skal rapporterast. Det var også moglegheit i 2024 å leggje inn medlemstal og aktive medlemmar manuelt.

Aktive medlemmar

For å synleggjere aktiviteten i skiidretten er det viktig å rapportere riktig antal aktive medlemmar. Dette gjerast i eige medlemssystem ved å registrere medlemmen under den respektive skigrein. Har de kontroll på dykkar eige medlemsregister vil ein automatisk henta dei rette tala ved eit tastetrykk i Samordna rapportering. Om ein oppdagar at dette talet er for lågt eller høgt kan ein manuelt endra dette i sjølve rapporteringa.

Sogn og Fjordane skikrins – aktivitetstala 2014-2024

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane skikrins 2014-2024



Fig. 2) Aktivitetstala 2024 Sogn og Fjordane skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstala Sogn og Fjordane skikrins, aldersgruppa 6-12 år, 2014-2024






Fig. 4) Utvikling aktivitetstala Sogn og Fjordane skikrins, aldersgruppa 13-19 år, 2014-2024





Fig. 5) Utvikling aktivitetstala Sogn og Fjordane skikrins, aldersgruppa 6-12år samanlikna med aldersgruppa 13-19år



VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka opp igjen i neste styremøte.

EVENTUELT

Neste møte i Skikrinsstyret: Onsdag 8. oktober 2025 kl. 20.00 (digitalt)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef